

INNTAKSREGLEMENT FOR MØRE BARNE- OG UNGDOMSSKULE

§ 1 – RETTAR

Alle som fyller vilkåra for inntak i tilsvarende offentleg skule i samsvar med opplæringslova § 2-1 og § 3-1 kan vere elev ved Møre barne- og ungdomsskule. Skulen har heile landet som inntaksområde.

§ 2 – ANSVAR

Styret er ansvarleg for elevinntaket, men har delegert elevinntaket til rektor.

§ 3 –PRIORITET

Dersom det er fleire søkjarar enn plassar på eit trinn, vert fylgjande gjeldande: Elevane får tilbod om skuleplass i den rekkefylgje dei søkjer. Overordna dette har fylgjande søkjarar som har søkt før 1.mars prioritet i gjeldande rekkefylgje:

- A. Barn av tilsette på skulen.
- B. Søsken til elevar som går på skulen.

§ 4 – FRISTAR OG AVGRENSINGAR

Endeleg søknadsfrist er 1. september gjeldande skuleår etter fylgjande ordning og avgrensingar:

- A. Skulen startar normalt inntaket av elevar i mars våren før skulestart. Vidare vert det gjort inntak av nye elevar på trinn der det er ledige skuleplassar fram til søknadsfristen 1 september.
- B. Skulen tek ikkje inn elevar etter 1.september og på 10. trinn tek ein ikkje inn nye elevar. Unntak: elevar som må skifte skule grunna flytting eller barn av tilsette ved skulen.
- C. Skulen har fylgjande inntaksgrenser:
 - I. Ungdomstrinnet: 28 elevar pr. trinn
 - II. Barnetrinnet: 20 elevar pr. trinn

§ 5 –PROSEDYRE

Normal prosedyre ved inntak:

- A. **SØKNAD**
Føresette sender inn søknad på eige søknadsskjema.
- B. **MOTTEKEN SØKNAD**
Skulen sender stadfesting på at søknaden er motteken innan to veker etter at søknaden er motteken.
- C. **MØTE MED SKULEN**
 - I) Om skulen har ledig elevplass vert det sendt ut invitasjon til elev og føresette om møte med skulen våren før skulestart. Dette for å kunne verte kjend med skulen og få informasjon om skulen. Dersom søknaden kjem nært skulestart eller etter skulestart før 1.oktober vert det normalt kalla inn til møte i løpet av to veker.
 - II) Om skulen ikkje har ledig elevplass vert føresette orientert om at eleven er sett på venteliste. Føresette vert kontakta om det vert ledig skuleplass ved eit seinare høve.
- D. **TILBOD OM SKULEPLASS**
I møtet med skulen får eleven tilbod om skuleplass, og føresette får med svarskjema der skulen ber om stadfesting på om ein tek imot skuleplassen eller takkar nei til skuleplassen. Føresette fyller ut svarskjema og returnerer til skulen.
- E. **INNTAK AV ELEVAR**
 - I) Om ein i svarskjema takkar nei til tilbod om skuleplass vert saka avslutta her.
 - II) Om ein i svarskjema takkar ja til skuleplass vert ein teken inn som elev. Skal eleven inn i 2.-10. trinn vert føresette oppmoda til å orientere skulen der eleven sluttar.

F. VEDTAK OM SKULEPLASS

For dei som takkar ja til skuleplass gjer skulen enkeltvedtak om inntak av ny elev. Vedtaket vert sendt til heimen og til skulekontoret i eleven si heimkommune.

Dersom søknaden kjem nært skulestart eller i skuleåret kan skulen gjere vedtak om skuleplass på kort varsel, men ein må normalt rekne minst to veker frå søketidspunkt til skulestart.

§ 6 – KLAGERETT

Avgjerd om inntak er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans ved Fylkesmannen.

§ 7 – VEDTAKSRETT

Inntaksreglement og endringar på inntaksreglement vert vedteke av skulestyre. Søknadsskjema vert utforma av rektor, som avgjer kva opplysningar skulen skal be om innanfor gjeldande lovverk.

Vedteke i skulestyret for Møre barne- og ungdomsskule, 09.05.2019